



Valle og Hylestad

sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

## MØTEBOK SOKNERÅDSMØTE 05.03.2024 KL 1600

**STAD:** Kyrkjekontoret

**Desse møtte:** Gudrun Sagneskar, Kristine Kleiveland, Torstein Bjørgum, Knut Olav Uppstad, Toralv Frøysaa Lie, Liv Gunn Viki, Margit Homme

Forfall: Knut Hagen, Arne Tronsen

Frå adm: Gudrun Åkre

### KOPI TIL:

Inger Rysstad, Astrid Nomeland, Gunveig Kaarvann, Sissa Ringstad, Karin Bø, Bykle sokneråd, Olav Brokka, Torleif Harstad, Adam Langfelt Dassouli, Rune Stormark, Åse Gudrun Thortveit, Tommy Pytten, Frøydis Henriksen Junge

---

Opning av Toralv

Plankontoret v/Hallvard Homme presenterer planane for «Minnelund»

### FR-sak 15/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

#### Vedtak:

Saksliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

### SR-sak 16/24: Meldingssaker

Soknerådsleiar orienterer: div.utvalg (gudsteneste, trusopplæring, diakoni) har kome godt i gong med møter og planlegging.

Sokneprest orienterer: nokre få konfirmantar har meldt seg på til konfirmasjon 2025. Sokneprest må sende ut påminning til kvar enkelt om at dei må melde seg på som konfirmant innan fristen. Prosten har ordnet slik at det blir ei gudstjeneste i juli i Hylestad kyrkje (14.juli).

Kyrkjesjef orienterer- kyrkjetener/klokkar har sagt opp sin stilling. Skal den lysast ut? Soknerådet meiner at den bør lysast ut i 25 % stilling, som er den noverande stillingprosenten for kyrkjetenar/klokkar. Bør lysast ut kun for Valle og Hylestad då det er vanskeleg å kombinere denne stillinga med tilsvarande stilling i Bykle.

Det har vore annonsert i Bygdenytt etter hjelp til kyrkjevert. Kun ein person har meldt seg: Astrid Nomeland. Port mot prestegarden bør gjerast noko med (ref. Dreng). Må vurdere dette til neste års budsjett.



Valle og Hylestad

sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

### FR-sak 17/24: Minnelund

Jobbe vidare med prosjekt «Minnelund»

#### Framlegg til vedtak:

Det er i budsjettet for 2024 satt av kr 500000,- til «Minnelund». Det er ein føresetnad at me blir tilgodesett med gåve frå Valle sparebank til dette prosjektet med inntil kr 200000,- .

Framdrift av prosjekt «Minnelund» med inntil kr 300000,- blir vedteke. Resterande kr 200000, - blir lagt «på vent» fram til me eventuelt har blitt tilgodesett med gåve frå Valle sparebank opp mot kr 200000,- .

#### Vedtak:

Soknerådet vedtek at det skal sendes tre forslag til bispedømerådet.

Alternativ 1: to søyler i stein, alt 2: ei søyle i stål og ein i stein og alt.3: to søyler i stein.

Kyrkjesjef var i kontakt med Statsforvaltaren i Vestfold og Telemar 08.mars, som er den ansvarlege for godkjenning av minnelundar. Dette ansvaret blei overført frå bispekontoret til statsforvaltaren 01.01.2021.

I korte trekk så blir krav, som må avklarast før innsending av skisse over minnelund, nemde her: nøyaktig design av minnesmerke, nøyaktig avklaring av materiale (viss stål-opplys om kva type), materiale på minnesmerke, doble minnesmerke. Viktig at vedtektene blir fulgt.

### SR-sak 18/24: Økonomireglement

AU har utarbeida eit forslag til nytt økonomireglement.

#### Framlegg til vedtak:

Nytt utarbeidd økonomireglement vert godkjend

#### Vedtak:

Valle og Hylestad sokneråd vedtek samrøystes nytt økonomireglement.

### SR-sak 19/24: Ringereglement.

I «Regler for bruk av kirkens klokker» er §1 Formålet med bruk av kyrkjeklokkene, § 2 Definisjon av måten klokka(ne) blir bruka. Ringing (vanleg). Kiming (fest og høgtid). Klemting (sorg og liknande). §§3-8 Bruk av klokkene. §§10 Soknerådet sitt ansvar for å registrere lokal sedvane og bruk – gjeld også manuell ringing. I samråd med ringar / kyrkjetenar og prest skal rådet ta avgjersle om ringereglar som er tilpassa den enkelte kyrkje, og skal kunngjerast på høveleg måte.



# Valle og Hylestad sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

Prost og råd har ansvar for tilsyn med at reglane blir fulgt. Biskop kan gje disposisjon frå «deler av bestemmelsene i §§ 3-6» §11 Set grense for kva klokkane kan brukast til. Kyrkjeråd / Bispemøtet «kan bestemme at kirkens klokker skal brukes i spesielle situasjoner.»

Definisjon på ulike ringetyper er slik:

*Ringing:* Sjøelve klokkene svinger på sin aksel. Dette er den mest vanlege bruken.

*Kiming:* Ein slår rask takt med kolven mot klokka sitt slag-ring. Dette er for fest og høgtid.

*Klemting:* Ein slår i langsam takt med kolven mot klokka sitt slag-ring. Dette for bruken ved sorg o.l.

Tidlegare utsendte vedlegg:

1. Ringereglement for Valle og Hylestad kyrkje – Vedteke av Valle og Hylestad sokneråd 27.mai 08
2. Regler for bruk av kirkens klokker

Vedlegg:

Forslag til nytt ringereglement

## **Framlegg til vedtak:**

Framlagde Ringereglement for kyrkjene i Valle og Hylestad sokn vert vedteke .

Soknerådet arbeider vidare med å samle informasjon om klokkene og å dokumentere lokale ringeskikker, også frå tida før automatisk ringing vart teken i bruk.

## **Vedtak:**

Valle og Hylestad sokneråd vedtek samrøystes nytt ringereglement.

## **FR-sak 20/24: Ringeklokker på Hylestad**

Kyrkjetenar har rapportert om at klokkene i Hylestad ikkje virkar som dei skal. Nauen er leverandør av klokkene. Legg ved rapport frå kyrkjetenar om problemet. Legg ved kostnadsoverslag og tibo frå Nauen. Sjå vedlegg.

## **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet vedtek at utbetring av klokkene blir gjennomført. Kostanden er reikna til ca kr 83000,-. Ved utbetring av desse må ein bruke av disp.fond nr 55699001.

## **Vedtak:**

Soknerådet vedtek at det skal førast ein logg på problemet når det oppstår. Ring Nauen når problemet oppstår, slik at dei kan kartlegge kva feilen er.

Fornyng av ny radiostyring, og det som Nauen meiner er naudsynt, bør settjast opp som ei investering til neste år, 2025.

Sivak F. Lie

G. A. Brø



**Valle og Hylestad  
sokneråd**

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: [post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)